

Årleg rapport Bulyst

Fra: Skjåk kommune

Dato: 21.4.12

Kommune	Skjåk
Prosjektnamn	Endret frå ”Skjåk 79 — Ei rein oppleving” til ”Utvikling i Skjåk kommune” (Prosjektplan og gjennomføeringsprosjekt)
Prosjektleiingar	Prosjektplan Hovudprosjekt: Terje Bjerkan, PwC Prosjektleiingar delprosjekt: Jan Rune Fagermoen, Sæbjørn Forberg, Inga Gudrun Hyrve, Sigbjørn Oppheim Gjennomføringsprosjektet Koordinator: Morten Kielland Det er ein ansvarleg person for kvart prosjekt under dei 4 delprosjekta.
Leiar i styringsgruppa	Prosjektplan: Rolv Kristen Øygard
Kontaktperson i fylkeskommunen	Dag Arne Henriksen
Forankring av prosjektet	Styringsgruppa på 17 personar for prosjektplanen, har bestått av representantar frå både politisk og administrativ side i kommunen, og næringslivs- og ungdomsrepresentantar. Dei politiske medlemmane i gruppa har utgjort ei politisk fullmaktsgruppe på vegne av prosjekteigar (kommunestyret), med særskilt ansvar for å informere om og involvere det politiske miljøet i kommunen. og kommunestyre.
Mål og eventuelle delmål i prosjektet.	Målet med det overordna prosjektet har vore å utforme og implementere strategiar, tiltak og handlingsplanar for Skjåk kommune basert på den strategiske utviklingsanalysen og revidert kommuneplan. Dette er søkt gjort gjennom oppretting av dei fire delprosjekta for konkret arbeid og gjennomføring, medan det overordna prosjektet har hatt ein styrande og koordinerande funksjon. Overordna mål Det overordna målet med delprosjektet er å bidra til auka busetting i Skjåk. I 2015 er målet at folketalet skal vere auka til 2 400, og i 2020 til 2 690 innbyggjarar. Skjåkprosjektet 1. Ved utgangen av 2015 skal det vere minst 30 arbeidsplassar knytt direkte til bruk og vern av utmarka i Skjåk kommune. Fem år seinare, ved utgangen av 2020, skal dette talet vere auka til 50. 2. Ved utgangen av 2015 skal det vere minst 800 hytter og fritidsbustader i Skjåk kommune. Talet på stasjonære campingvogner knytt til campingplassar skal vere 400 Fem år seinare, ved utgangen av 2020, skal desse tala vere auka til 1000 og 600.

3. Ved utgangen av 2015 skal Skjåk ha etablert komplett infrastruktur for berekraftig oppleving og bruk av randsonene til verneområda i Reinheimen og Breheimen. Det betyr:
- Skjåk skal ha minst 200 km med godt merka turstigar med lett tilgang.
 - Pilegrimsleia mellom Dovre og Selje skal vere merka gjennom heile Skjåk kommune.
 - Skjåk skal ha minst 100 km med vegar/stigar merka og lagt til rette for sykkelaktivitetar.
 - Skjåk skal ha minst 50 km med oppkøynde skiløyper
 - Skjåk skal ha minst 10 tilrettelagde fiskeplassar. Minst 5 av desse skal ha gapahukar med opparbeidd bål plass.

Næringprosjektet

- Det overordna målet med delprosjektet er å leggje til rette for fleire arbeidsplassar i Skjåk, målsett til 75 nye årsverk i 2015 og 150 nye årsverk i 2020, med følgjande delmål:
- Skjåk skal liggje på topp 100 for samla suksess i NæringsNM.
- I 2015 skal minst 75 % av dei næringsdrivande i Skjåk gje uttrykk for at vi har eit godt fungerande næringsliv, med god samhandling og evne til nyskaping og vekst. I 2020 skal målalet ha auka til minst 90 %.

Omdømmeprosjektet

- Bidrege til å auke tal på innbyggjarar til 2 400 innan 2015 og til 2 690 innan 2020
- Kartlegge omdømmet til Skjåk, og bevist velje ein posisjon i forhold til definerte målgrupper
- Innan 2015 ha etablert eit årleg arrangement med ein nasjonalparkprofil og eit betydeleg tal besøkande
- Kommunens nettside skal ha 5 stjerner på Noreg.no sin rangering innan 2015, og 6 stjerner innan 2020
- Innan 2015 skal 95% av unge mellom 13 og 19 år gje uttrykk for at Skjåk er ein god stad å bu, medan 75% skal gje uttrykk for at Skjåk har eit godt og variert aktivitetstilbod

Kommuneprosjektet

- sikre rammer for god framtidig utvikling av Skjåksamfunnet ved at kommuneplanens samfunnsdel og arealdel, næringsplan og – vedtekter og sentrumsplan skal være vedtatt i kommunestyret i løpet av 2011.
- styrke kulturtilbodet og folkehelsearbeidet ved å etablere ei ressurs- og kompetansebase for drift av kultur- og aktivitetstiltak i Skjåk i løpet av 2011.
- styrke skule-, kultur-, og aktivitetssatsinga ved å etablere ”heildagsskule” med integrerte kultur- og aktivitetstilbod frå hausten 2011.
- utrede modell for satsing på kultur- og aktivitetsbasert næringsutvikling.

	<ul style="list-style-type: none"> • styrke folkehelsearbeidet ved å auke talet på aktørar som driv med aktivitet. • etablere rammer for samhandling mellom helsetenesta og folkehelsearbeidet. • utrede ei meir optima skule- og barnehagestruktur for å skape best mogleg skule og barnehage. <p>For detaljer viser vi til Sluttrapporter for "Utvikling i Skjåk kommune".</p>
<p>I hvilken grad har prosjektet nådd eller er prosjektet på vei til å nå sine mål?</p>	<p>Skjåkprosjektet er langt på vei mot målet: stiger vert merka, reguleringsplanområde for hytter er klart for bygging, og vi har fått fleire arbeidsplassar innanfor bruk og vern.</p> <p>Næringsprosjektet står enno i startgropa, men Skjåk Arrangement er oppretta som aksjeselskap og fått tilsett dagleg leiar.</p> <p>Omdømmeprojektet er enno i startgropa.</p> <p>Kommuneprojektet har sikra ein god framtidig utvikling av Skjåksamfunnet gjennom kommuneplanen.</p> <p>For å nå dei andre måla, er det naudsynt med planprosesser og ekstern bistand. Planprosesser er i gang og ekstern bistand er sikra.</p>
<p>Målgrupper for prosjektet, når prosjektet frem til disse?</p>	<p>Her viser vi til sluttrapportene for dei 4 delprosjekta: Skjåkprosjektet, Næringsprosjektet, Omdømmeprojektet og Kommuneprojektet. Alle med fleire underprosjekt.</p>
<p>Resultat som er oppnådd i form av aktiviteter eller tiltak</p>	<p>Våren 2010 vart det utforma ei strategisk utviklingsanalyse for Skjåk kommune som del av kommuneplanprosessen. Den strategiske utviklingsanalysen vart vedteke av kommunestyret våren 2011. Med bakgrunn i den strategiske utviklingsanalysen vart det organisert eit overordna utviklingsprosjekt med fire delprosjekt som skulle arbeide med implementering av strategiar og tiltak.</p> <p>Prosjektet fekk namnet "Utvikling i Skjåk kommune". Prosjektplanane for dei fire delprosjekta vart vedteke av kommunestyret i februar 2011.</p> <p>Prosjektet "Utvikling i Skjåk kommune" vart slutført med kommunestyrehandsaming 31.08.2011.</p> <p>Prosjektet "Utvikling i Skjåk kommune 2010-2011" har jobba med fokusområda bruk & vern, næringsutvikling, omdømme- og profilering, kommunalt planarbeid, folkehelse, skole og samferdsle på ein nyskapande måte i kommunal samanheng; organisert under eit overordna styringsprosjekt har fire delprosjekt jobba koordinert med kvarandre på ein måte som har vorte positivt lagt merke til både regionalt og nasjonalt.</p> <p>Til dømes vart det i prosjektperioden søkt om Bulyst-midlar, og rett før prosjektslutt kom svaret frå Kommunal- og regionaldepartementet: Skjåk kommune får 2,7 millionar kroner over tre år til gjennomføring av tiltak innafor dei fire delprosjekta. Måten prosjektet har vore organisert på, var tydeleg ei viktig orsak til at ein fekk midlar, noko ein og bør ta med seg i det vidare arbeidet.</p>

Prosjektet har vore organisert etter den såkalla PLP-metodikken, der PLP er ei kortform for "prosjektleiarprosessen". PLP er ein anerkjend og vel utprøva metodikk for effektiv organisering og leiing av utviklings- og omstillingsprosjekt. PLP-metodikken gir alle dei involverte eit konsistent omgrepsapparat som ein kan nytte i effektiv samhandling for å gjennomføre det aktuelle utviklingsoppdraget.

Gjennomføringsfasa starta etter Kommunestyrevedtak 31.08.2011.

Av dei vel 30 prosjekta som var resultat av "Utvikling i Skjåk kommune", er halvparten godt igang. Alle prosjekta er ein samanvevd porteføje for å nå måla i "Utvikling i Skjåk kommune". Etter at tilsett dagleg leiar i Skjåk Arrangement no i april har starta arbeidet, vil fleire av næringsprosjekta starte opp. Omdømmeprosjekta venter på løyving frå Kommunestyret.

Nedenfor er ei kort utgreiing for dei prosjekta som er i gang.

Skjåkprosjektet

Hytteundersøkinga: Hytteundersøkinga vart gjennomført sommaren 2011. Sluttrapport med analyse vil bli levert av Høgskulen i Lillehammer truleg i mai 2012.

Stigmerking: prosjektet er godt i gang. Brosjyre ligg til trykking.

Merkeplan for dugnad 2012 er klar.

Fjellfiskeriket: Skjåk Almenning er inne i 1.år av sitt prosjekt.

Merkeplan for fiskestier 2012 er klar.

www.iskjaak.no: Websidene er oppdatert.

Nasjonalparkinfo i butikk: Huset er under oppføring inntil Bruvoll på Dønfoss.

Næringsprosjektet

Skjåk Arrangement: er oppretta som AS, og dagleg leiar er tilsett.

Nyskaping Unge Etablerarar: Prosjektet er godt igang ved Skjåk Ungdomsskule.

Kurs i gardsutvikling: Kurset er gjennomført for gardbrukarar i Lom og Skjåk.

Omdømmeprosjektet

Omdømme-og kommunikasjonsstrategi: Vi har innhenta tilbod på bistad til Omdømmestrategi og kommunikasjonsstrategi. Framlagt sak for Kommunestyret 29.03.2012 vart utsett.

Nasjonalparkfestival: Skal arrangeres 26-29.juli 2012.

Kommuneprosjektet

Næringsfondsvedtekter: vetekne nye vedtekter

Kultur i skulen: Arbeid pågår med utgangpunkt i "Undervegsrapporten"

Heildagsskulen: Arbeid pågår med utgangpunkt i "Undervegsrapporten"

Folkehelse - Fysiotek: Helse og sosialplan er ferdig, og den er utgangspunkt for Folkehelseplan. Folkehelseplanen er i slutfasen.

Skule/Barnehage-struktur: Sak framlagt for Kommunestyret 20.03.2012.

	<p>Skjåk kommune løyver kr 200.000,- til eit skisseprosjekt for mogleg ny skule, og greie ut konsekvensane for kostnader.</p> <p>Nye prosjekter Nye prosjekter oppstår i kjølvatnet frå portefølja i Prosjektet "Utvikling i Skjåk kommune". Her vil vi nemne kort:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Bustadplan: Plan for kommunale bustader for alle målgrupper. Ei av strategiane er å få bustadmarknaden til å fungere optimalt. • Rullere kommunale planar. • Vassveiter. • Kulturminnedatabase. • Myten om Odins gull.
Vurdering av framdrift i forhold til opprinnelig plan	<p>Framdrifta går etter planen, men er noko forsinka fordi det tek lenger tid en føresett å få på plass naudsynte vedtak i politiske organ, og naudsynte planprosessar tek lenger tid enn venta.</p> <p>Det er krevjande å vedta eit prosjekt rett før valet i 2011, og gjennomføre prosjektet med nytt kommunestyre.</p>
Oppnådde resultater	<p>Folketalet i Skjåk hadde ein liten auke siste år.</p> <p>Skjåkprosjektet</p> <ul style="list-style-type: none"> • Hytteundersøking gjennomført sommaren 2011. • Stigmerking ferdig inkl brosjyre og websider. • Fjellfiskeriket er planlagt og skal realiserast. • www.iskjaak.no etablert. • Hus for Nasjonalparkinfo i butikk er under oppføring <p>Næringsprosjektet</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skjåk Arrangement er oppretta. • Kurs i gardsutvikling gjennomført. <p>Omdømmeprosjektet</p> <ul style="list-style-type: none"> • Nasjonalparkfestival vart arrangert 11-21.august 2011. <p>Kommuneprosjektet</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vetekne nye Næringsfondsvedtekter • Helse og sosialplan

Vedlegg:

Sluttrapport Overordna prosjekt.pdf

110831 Sluttrapport DP1 Skjåk-prosjektet.pdf

110831 Sluttrapport DP2 Næringsutvikling.pdf

110831 Sluttrapport DP3 Omdømme- og profileringsprosjektet.pdf

110831 Sluttrapport DP4 Kommuneadmin-prosjektet.pdf